



Frank Hustig
Eidavegen 192
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3880 - 15/28494

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2015

Ferdigattest - gbnr 247/8 Dyrkolbotn - tilbygg fritidsbustad

Tiltakshavar: Rolf Bjørn Skaug, 5009 Bergen
Ansvarleg søkjar: Frank Hustig Byggefirma, 5993 Ostereidet
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.08.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2015.

Skildring

| | |
|-----------------|------------------------------|
| Adresse: | Dyrkolbotn |
| Bygningstiltak: | Tilbygg/påbygg fritidsbustad |
| Bygningsnummer: | 176314516-2 |
| Bruksareal: | 36m ² |
| Vatn: | Privat, frå bekk |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg/påbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 247, bnr. 8.

Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3880

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rolf Bjørn Skaug

Floenbakken 86 5009

BERGEN

Mottakarar:

Frank Hustig

Eidavegen 192 5993

OSTEREIDET